

Prop. 3 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i jordskifteloven

*Tilråding fra Landbruks- og matdepartementet 12. oktober 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinhaldet i proposisjonen

Landbruks- og matdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringar av føresegna i jordskifte-loven om krava til utdanning for jordskifteoverdommar, jordskiftedommar og jordskiftedommar med allment løyve. Endringa går ut på at det utdanningsmonopolet som Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) nå har, blir oppheva, slik at det kan leggjast til rette for jordskiftefagleg utdanning også ved andre utdanningsinstitusjoner. Utdanninga skal vere på mastergradsnivå.

2 Bakgrunnen for forslaget

Landbruks- og matdepartementet har i lengre tid arbeidd med ei ny jordskiftelov. Ei ny jordskiftelov er meint å avløyse gjeldande jordskiftelov av 21. desember 1979 nr. 77.

Lovarbeidet byggjer på eit høyringsnotat utarbeidd av ei arbeidsgruppe i departementet, innspeil frå ei referansegruppe og allmenn høyring.

I høyringsnotatet blei det mellom anna frelsatt å oppheve det gjeldande lovfesta kravet til spesiell utdanning ved Universitetet for miljø- og biovitenskap.

Høyringsnotatet blei 18. september 2009 sendt følgjande:

- Departementa
- Direktoratet for naturforvaltning
- Domstoladministrasjonen
- Fylkeskommunane
- Fylkesmennene
- Innovasjon Norge
- Jernbaneverket
- Jordskifterettane
- Jordskifteoverrettane
- Kommunane
- Kystverket
- Lagmannsrettane
- Likestillingsrådet
- Norges vassdrags- og energidirektorat
- Reindriftsforvaltningen
- Riksantikvaren
- Statens kartverk
- Statens landbruksforvaltning
- Universitetet for miljø- og biovitenskap
- Universitetet i Bergen
- Universitetet i Oslo
- Universitetet i Tromsø
- Vegdirektoratet, Statens vegvesen
- Avinor AS
- Den norske Advokatforening
- Den norske Dommerforening
- Finnmarkseiendommen
- Friluftsrådenes Landsforbund

- Huseiernes Landsforbund
- Kommunenes Sentralforbund
- Norges Bondelag
- Norges Eiendomsmeglerforbund
- Norges Ingeniør- og Teknologorganisasjon, NITO
- Norges Jeger- og Fiskerforbund
- Norges Jordskiftekandidatforening
- Norges Kart- og Landmålerforening
- Norges Lensmanns- og Politilederlag
- Norges Naturvernforbund
- Norges Skogeierforbund
- Norges Takseringsforbund
- NORSKOG
- Norsk Almenningsforbund
- Norsk Bonde- og Småbrukarlag
- Norsk forening for landbruksrett
- Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning
- Norsk senter for bygdeforskning
- Norsk Tjenestemannslag
- Norske Reindriftsamers Landsforbund
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Opplysningsvesenets fond
- Parat
- Sametinget
- Statskog SF
- Tekna - Teknisk-naturvitenskapelig forening

Domstoladministrasjonen har i brev av 18. april 2012 til Landbruks- og matdepartementet bedt om at det fremjast ei eiga sak overfor Stortinget om kvalifikasjonskrav, slik at endringar her kan tre i kraft snarast mogleg og uavhengig av resten av forslaget til ny jordskiftelov. Domstoladministrasjonen gir uttrykk for at dette er sterkt ønskjeleg, fordi ein i dag har store problem knytt til rekrutteringa av dommarar til jordskiftedomstolane. I brevet frå Domstoladministrasjonen er det mellom anna sagt følgjande:

"Som LMD er kjent med er rekruttering av nye jordskiftedommere og ikke minst jordskifteretsledere svært vanskelig. Den vanskelige rekrutteringssituasjonen er knyttet til et generasjonsskifte med meget høy avgang i løpet av kort tid og svært få søker til ledige embeter. Til tross for tilleggsbevilninger til økt dommerlønn både i 2009 og 2011 konstaterer DA at søkergrunnlaget til de ulike stillingene fremdeles er svært lavt. Tallmaterialet fra Innstillingsrådet for dommere (IR) viser at det i perioden 2006 og fram til 1.11.2011 er i gjennomsnitt 1.08 innstilte til de aktuelle jordskifteretslederstillingar. Tilsvarende for dommerstillingar er 1,8.

Flere domstoler har vært uten domstolleder i relativt lang tid.

DA har gjennom et tett samarbeid med UMB arbeidet aktivt med rekruttering til masterfagstudiet i eiendomsfag og ser nå en tendens til at flere studenter velger dette studiet. Fra Kunnskapsdepartementet er det også med virkning for 2012 bevilget midler til finansiering av ytterligere 15 studieplasser øremerket masterstudiet i eiendomsfag. DA har i tillegg tatt initiativ overfor Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen for å få utviklet en ny mastergradsutdanning i eiendomsfag. Dette arbeidet er ennå på prosjektstadiet og DA vil i 2012 og 2013 bidra økonomisk i prosjektet. Dette arbeidet må sees i et langsiktig perspektiv og det vil sannsynligvis gå mellom 8-10 år før en utdannet kandidat kan bekle et dommerembete."

3 Gjeldande rett

Jordskifteloven § 7 femte ledd har i dag slik ordlyd:

"Dommarar til jordskifteoverrett og jordskifterett og jordskiftedommar med allment løye må ha eksamen frå Norges landbrukshøgskole med fagkrins fastsett av departementet."

Det er etter dette eit krav for dommarar ved jordskiftedomstolane at ein er utdanna ved Norges landbrukshøgskole. Norges landbrukshøgskole har skifta namn til Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB).

4 Forslaget i høyringsnotatet

Arbeidsgruppa foreslo å oppheve det gjeldande lovfesta kravet til ei spesiell utdanning ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Forslaget var ein del av det forslaget til ny jordskiftelov som blei sendt på høyring ved departementets høyringsbrev av 18. september 2009.

5 Høyringsinstansane sitt syn

Det har ikkje kome innvendingar mot forslaget. Av dei uttalene som ligg føre kan det visast til følgjande synspunkt:

Domstoladministrasjonen står forslaget om å fjerne utdanningsmonopolet til UMB:

"Det utdannes i dag for få kandidater til å dekke de reelle behov etter denne typen utdanning i arbeidslivet. Dagens rekrutteringssituasjon, særleg til dommerembetene, tilsier at dette er en viktig endring. Oppheving av monopolet vil også innebære at man kan rekruttere kandidater med en annen fagbakgrunn, som på sikt vil styrke jordskiftedomstolenes samlede kompetanse. Fjerning av monopolet krever imidlertid en tettere dialog med aktuelle utdanningsinstitusjoner for å sikre at det utvikles en tilfredsstilende fagkombinasjon for fremtidige jordskifte-dommere."

Samerettsgruppa ved det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø og Avdeling for ingeniørutdanning ved Høgskolen i Bergen støt forslaget om å oppheve det lovfesta kravet til ei spesiell utdanning ved UMB.

Jordskifteoverrettane og jordskiftedommarane i Gulatings jordskiftedøme er positive til forslaget om å oppheve utdanningsmonopolet. Jordskifteoverrettane viser til at dei er kjent med at det utarbeidast planar om ei alternativ utdanning i eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Høgskolen i Bergen. Jordskifteoverrettane skriv:

"Jordskiftefagmiljøet er lite og sårbart. Det er nå eit generasjonsskifte på UMB og ein ser av utviklinga at jordskiftefagmiljøet gradvis har blitt svekka både innanfor undervisning og forsking. Uavhengig av korleis lova blir til slutt må ein i større grad enn i dag få til eit samarbeid mellom jordskiftedomstolane og undervisningsinstitusjonane."

6 Departementets vurderingar

Departementet er einig med dei høyingsinstansane som har uttalt seg om opphevinga av utdanningsmonopolet. Departementet viser til det som generelt har skjedd på utdanningssektoren og til at det er tilslutning til forslaget i høyingsrunden.

Departementet deler Domstoladminstrasjonen sin bekymring for rekrutteringssituasjonen og er einig i at opphevinga av utdanningsmonopolet bør fremjast som eiga sak nå.

Rekrutterings- og kompetansetilhøve er generelt noko som krev planleggjøring og oppfølgjøring på lang sikt. Det er difor viktig at ein kjem i gang med dette så tidleg som mogleg, for ikkje å tape for mykje tid.

Departementet foreslår på denne bakgrunn utdanningsmonopolet oppheva, slik at det ikkje lenger skal vere noko krav til utdanning frå eit bestemt universitet for å bli jordskiftedommar eller jordskifteoverdommar.

Ved ei oppheving av utdanningsmonopolet meiner departementet det er tenleg å presisere i lova at utdanninga for jordskiftedommarar skal vere på mastergradsnivå. Dette er i samsvar med det nivået jordskifteutdanninga i dag har ved Universitetet for miljø- og biovitenskap.

Som etter gjeldande lov, skal fagkrinsen fastsetjast av departementet. Departementet kan delegera myndighet etter jordskifteloven til Domstoladminstrasjonen, jf. kongelig resolusjon av 12. mai 2006. Det er av faglege og praktiske grunnar tenleg at Domstoladminstrasjonen fastset fagkrinsen etter jordskifteloven § 7 femte ledd. Domstoladminstrasjonen har det overordna administrative og økonomiske ansvaret for jordskiftedomstolane, og grunnlag for å vurdere det kompetansebehovet som til ein kvar tid gjer seg gjeldande. Domstoladminstrasjonen arbeider og aktivt opp mot utdanningsinstitusjonane for å sikre rett kompetanse ut frå jordskiftedomstolane sine behov. Departementet vil delegera slik myndighet til Domstoladminstrasjonen.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei ulike utdanningsinstitusjonane må sjølv vurdere om dei vil etablere dette utdanningstilbodet. Spørsmål om finansiering av nye utdanningstilbod må vurderast i samanheng med spørsmålet om etablering av tilbodet. Departementet legg elles til grunn at den samfunnsmessige vinninga vert større enn ulempene ved ei eventuell utgiftsauke ved at ei betre rekruttering til jordskiftedomstolane vil gi betre effektivitet og kortare saksbehandlingstid ved jordskiftedomstolane. For Landbruks- og matdepartementet sin del legg ein til grunn at endringa ikkje får innverknad av noko slag.

8 Merknader til føresegna

Etter gjeldande jordskiftelov § 7 femte ledd skal dommarar ved jordskiftedomstolane ha eksamen frå Norges landbrukshøgskole, som har skifta namn til Universitetet for miljø- og biovitenskap. Namnet på universitetet er i lovforslaget teken ut. Lovforslaget gjer slutt på Universitetet for miljø-

og biovitenskap sin eimerett på utdanning av kandidatar som kan bli jordskiftedommarar.

Ved ei oppheving av utdanningsmonopolet meiner departementet det er tenleg å presisere i lova at utdanninga for jordskiftedommarar skal vere på mastergradsnivå. Dette er i samsvar med det nivået jordskifteutdanninga i dag har ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Det er ikkje meinings å gjere nemnande endringar i krava til dei grunnleggjande komponentane i utdanninga, eller i kravet til utdanningsnivå. Jordskiftekandidatar som er utdanna før ordninga med mastergrad blei innført har eit utdanningsnivå som kvalifiserar for jordskiftedommar.

Som etter gjeldande lov, skal fagkrinsen fastsetjast av departementet. Denne kompetansen kan departementet delegera til Domstoladmi-

nistrasjonen, jf. kongelig resolusjon av 12. mai 2006. Det er mellom anna av faglege og praktiske grunnar tenleg at Domstoladminstrasjonen fastset fagkrinsen for jordskifteutdanninga etter jordskifteloven § 7 femte ledd. Departementet vil delegera slik myndigheit til Domstoladminstrasjonen, sjå over under punkt 6.

Føresegnene i denne paragrafen er ikkje til hinder for endringar i utdanningssektoren.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i jordskifteloven.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i jordskifteloven i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringar i jordskifteloven

I

I lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. skal § 7 femte ledd lyde:

Dommarar til jordskifteoverrett og jordskifterett og jordskiftedommar med allment løyve

må ha *jordskiftefagleg utdanning på mastergradsnivå* med fagkrins fastsett av departementet.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.